



Johannes Feet held fram som leiar

I kveld har Uskedal grunn- og elveeigarlag hatt årsmøte og mellom anna bestemt at det berre skal seljast døgnkort i elva denne sesongen. Som i fjor kostar dei 200 kroner, og dei vert berre seld på nett. Salet av sesongkort som kosta 1100 kroner stoppar og grunnen er at ekspertane i Unimiljø i Bergen meiner uttaket av fisk i Uskedalselva ligg noko for høgt. I 2011 var det oppe i 1,4 tonn medan det i fjor stoppa på 1,1 tonn etter stopp i døgnkortsalet. Årsmøtet attvalde Johannes Feet som leiar.

Ein annan begrensande faktor som og gjeld er at det berre er tillete å fanga 15 fiskar på kvart kort per sesong. Sesongen startar som i fjor 15. juni og sluttar 1. september.

Laget har fått 10 000 kroner frå fylket til bonitering i øvre del av elva og det har hatt kontakt med Unimiljø utan at det førebels er utført noko. Ein kald vår med sein smelting skapte problem.

Kvinnherad Vekstbedrift har ansvaret for ryddinga langs elva og dette arbeidet vil verta teke opp att framover mot fiskestarten.

Ved starten av årsmøtet retta Hans Reidar Kjærland kritikk mot leiinga for at møtet var innkalt med berre 2 dagars varsel. Han

rekna med at dette ikkje vil skje fleire gonger og at møtet vil verta avvikla tidlegare på våren.

Rekneskapen synte eit årsoverskot på 44 514 kroner mot 48 992 året før. Fiskekortsalet ga ei inntekt på 50 300 mot 57 650 året før.

Med seg i styret har Feet no Anbjørn Høivik (ny), Olav Bringedal, Frode Stensletten og Sigmund Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen